

# merkes- mannen

UTGITT AV MARXIST-LENINISTAR PÅ VOSS  
NR. 1 1972



## 1. MAI PÅ VOSS

1. mai har etter gammalt vore arbeidar- rørsle sin særskilde kampdag. Men dei seinare åra har »kamp» kome meir og meir i bakgrunnen på det offisielle programmet til det såkalla Arbeidarpartiet. Di meir leiinga har halde fram at arbeidarane tenner best på å solidarisere seg med interessene til den herskande klassen, di meir har 1. mai blitt ein festdag i fred og semje. Dei som enno held dagen som ein kampdag er faktisk dei frå overklassen som held borgarskapet si fane høgt ved å grave ekstra energisk i hagane sine den dagen – om dei så aldri gjer det elles.

Raud Arbeidarfront, som vi marxist-leninistar har slutta oss til, trur ikkje at det er den rette måten å feire 1. mai. Vi trur det finst folkelege krav som berre kan stettast i strid mot interessene til den herskande klassen (eller: den klassen som har makta). Og det syner seg at Raud Arbeidarfront har fått auka tilslutning frå år til år over heile landet, fordi dei held fast på dette. DNA/LO på si side har vanskar med å skrape ihop folk til tilstellingane sine.

Var det arbeidarar med i 1. mai-toget på Voss i år?

Kven har interesse av at omgrepet »arbeidar» vert gjort så trangt at husmødre, funksjonærar, studentar og skuleelevar fell utanom? Det er dei som ønskjer å sjå oss så veike som råd. Det ser vi bort i frå.

Kvifor tog? Fordi det er ein tradisjon og fordi røynsla syner at det snart kan bli einaste måten å hevde meiningane sine. På annan plass i dette bladet vert det vist korleis ytringsfridomen heng saman med kontroll over t.d. aviser.

I år stod striden mot EEC sentralt i 1. mai-toget. Alle andre folkelege krav heng saman med dette eine:

**KAMP MOT EEC – NEI TIL SAL AV NOREG.**

Vi kjem att til neste år – med nye parolar. Fronten er samansett av organisasjonar og einskildmenneske. Meiner **du** at arbeidet vårt har noko for seg, og har du sjølv krav som vedkjem kåra dine, helsar vi deg med glede velkommen som deltakar i fronten og 1. mai-toget **neste år.**

# merkesmannen

er utgitt av marxist-leninistar på Voss. Då dette er første nummeret vil vi gjerne seie litt om kva vi står for, og kva vi vil med denne avisa.

Kvar dag vert folk tvinga til å flytte frå bygde-Noreg og inn til dei store industri- og handelssentra. Kvar dag vert naturen og miljøet vårt forgifta. Prisane på forbruksvarer aukar, lønstillegga kompenserer okkje denne auken. Kva er så årsaka til denne forverringa av vanlege folks tilhøve.

Vi høyrer til dei som trur at årsaka er å finne i produksjonstilhøva. I dag er det dei store kapital- og industrimonopola som styrer det økonomiske livet, og dermed er det dei som står bak åtaka på folket. Samstundes ser vi at våre »folkevalde» politikarar ikkje kan stoppe desse åtaka. Dei trekker jo berre på akslene og kallar det »utviklinga».

Fleire og fleire nektar å godta denne utviklingsteorien. Vi forstår at den lappe kvar og ein av oss puttar i valurna kvart 4. år, den løyser ikkje dei store og grunnleggande problema. Den er berre med på å avgjere kven som i den neste fireårsperioden skal trekke på akslene og mumla om »utviklinga».

Marxist-leninistane meiner at det einaste som kan hindre fråflytting og utbytting av det norske folket, — er folket sjølv. Problema kan ikkje løysast før folket får hand om produktivkreftene, før vi sjølve avgjer kva som skal produserast, kor det skal produserast og korleis det skal produserast.

Dei siste åra har vi sett fleire døme på at folk har tatt kampen opp. Arbeidarar har streika og vedtatt resolusjonar. Ungdom og studentar har gjort det same.

Kvinnene har begynt å organisere seg. Husleigeaksjonar, aksjonar mot rasering av bustadområde, krav om levevilkår for norsk mål og kultur og aksjonar for fleire dagheims plassar. Alt er uttrykk for klassekamp. For at denne kampen skal lukkast treng den ei leiing, eit nytt parti av og for folket.

Arbeidet for eit nytt kommunistisk parti er ei av marxist-leninistanes hovudoppgåve i dag. Denne oppgåva vert utført gjennom organisasjonane SUF (ml) og MLG. Det er MLG som etter kvart skal bli det nye partiet. Medan SUF (ml) skal fortsetta som det ungdomsforbundet det nå er. I dei få åra vi har eksistert, har vi mangedobla medlems-talet vårt og vunne oppslutning gjennom aktiv deltaking i folkets kamp. Vi har også i mange høve vist kor naudsynt det er med ei marxist-leninistisk leiing av kampen.

I dag er det trusselen om EEC-medlemsskap som er den alvorlegaste framstøyten frå monopolkapitalen, og vi vil oppmode alle EEC-motstandarar om å slutte opp om det arbeidet som vert utført av Folkerørsla og Arbeidarkomiteane mot EEC og dyrtid.

Det snakkast ofte om »ytringsfridom» her i landet, og dei som snakkar høgast er sjølvsagt dei som har størst høve til å ytre seg.

I desse EEC-tider har vi fått mange døme på kven det er som nyt godt av denne »ytringsfridomen». Dei store avisene på Vestlandet kan t.d. kom ut med

Framh. siste sida.



## EEC i mai

EEC-trusselen heng over hovuda våre, og vi har på nytt fått stadfesta det gamle ordet om at felles fiende gjer sterk!

Begge dei tradisjonelle høgtidsdagane i mai, 1. og 17., bar i år preg av å vera kampdagar. Store folketog markerte motstanden mot EEC og gjorde til skamme dei som påstår at demonstrasjonstog ikkje passar til norsk lynne. Spørsmålet er bare om toget tar opp folkelege krav.

Kampen mot EEC er folkeleg! Arbeidarane sin dag, 1. mai, viste over heile landet kva det arbeidande folket meiner i dette spørsmålet.

Toga som tok eit klart og utvetydig standpunkt mot EEC vart føretrekte. DNA og LO vart redusert til ein minoritet. Endatil deira eigne tog vart fleire stader dominerte av motstandarar innan deira eigne rekker.

Det var eit klart og uomtvisteleg nederlag. Det kom ikkje uventa på nokon. Det bare konstaterte det alle hadde visst lenge: At Bratteli og Aspengren ikkje har grunnlag for sin politikk, og at dei aldri har hatt det. Så langt har dei klart seg fordi dei begge har makt over organisasjonane, og dei har begge utstrekt høve til å manipulere nedover i rekkene sine.

Som døme på dette skal vi bare nemne at Aspengren har forpurra retten til dei

organiserte arbeidarane i LO til å vere med å avgjere organisasjonens offisielle standpunkt gjennom ei uravstemming.

Bratteli bruker sin posisjon som parti-formann og regjeringssjef til å vinne tid. Om naudsynleg kjem han til å stille kabinettspørsmål overfor folket ved at han truer med å gå av dersom folkeavstemminga går imot hans syn. Brått dreier folkeavstemminga seg om noko heilt anna.

1. maifeiringa viste at den dagen har fått nytt innhald. Også 17. mai bar i år preg av å vere i slekt med den kampdagen den ein gong var. På tross av at spørsmålet om nasjonalt sjølvstyre og fridom nå som alltid først og fremst er eit politisk spørsmål, lykkast det unionstilhengarane i alt for stor målestokk å gjere dagen til ein for dei ufarleg sløyfe- og isdag.

Men mange stader vart folketog reist bak kravet om sjølvstende og NEI til EEC! Men den etablerte tilhengarpressa skriv sjølvsgat lite om slikt.

Elles er den rekordarta oppslutning om dagen prov godt nok for at dagen i desse tider tyder noko anna og meir enn før for den jamne mann.

Folkerørsla på Voss hadde alt tidleg bestilt ei annonse i 17. maiprogrammet som oppmoda folk til å slutte opp om nasjonaldagen og feiringa på Voss. Pro-

Framh. siste side

## merkesmannen

sine feite pro EEC-overskrifter kvar dag, medan motstandarane må ta til takke med eit lite vekkgoymt lesarbrev nå og då. Bergens Tidende, Morgenavisen og Bergens Arbeiderblad utgjer omlag 90% av storpressa i Bergensområdet. Men dei representerer **ikkje** 90 % av folkemeininga i EEC-saka, det veit vi alle.

EEC-tilhengarane har stor nytte av sin yttringsfridom. Ikkje bare sit dei inne med storparten av den norske dagspressa. pengegaver frå industri, bankar og skipsreidarar gjer dei i stand til å rekke langt med sine klisne reklameopplegg.

Marxist-leninistane har inga dagspresse, men ein gong i månaden utgir vi avi-

sa »KLASSEKAMPEN», som på eit par år har fleirdobla opplaget sitt. Den kostar 1 krone og vert i dag seld av oss sjølve og venene våre over store deler av landet. Opplaget er nå godt og vel 20 000.

Ved sida av Klassekampen, gir vi også ut små gratisaviser som denne. Vi tar i desse sikte på å handsame lokale spørsmål. Å prente ei slik avis kostar både tid, arbeid og pengar. Og då vi ikkje høyrer med til dei som får støtte frå banksjefar og skipsreidarar, kan ikkje avisa kome ut så ofte. Nå og då vil du likevel finne henne i postkassa di.

Med helsing redaksjonen.



## **KLASSEKAMPEN**

»Klassekampen» blir nå også seld på Voss. Vi spreier avisa ved dørsalg.

### EEC i mai

grammet vart prenta og laga ferdig. Men så er det at eit par EEC-tilhengarar i tilskipingskomiteen til Ørnar lagar rabalder. Dei får denne oppmodinga om å vere med å høgtide dagen til å vere motstandarpropaganda.

Resultatet av det heile vert at sida vert klipt ut av programmet, og laget tapar 1000,-.

**NESTE NUMMER AV MERKESMANNEN VIL MELLOM ANNA TA OPP SPØRSMÅL I SAMBAND MED GENERALPLANEN FOR VOSS. DETTE NUMMERET VIL KOMME FØRST I AUGUST.**